



Innkalling

av

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 31.08.2021
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 13:00 - 19:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Diverse merknader:

-Kl. 12:00-13:00 Presentasjon av dei tre private skulane i Alver: Danielsen ungdomsskule, Nordhordland kristne grunnskule og Skodvin montessoriskule

-Møtet vert fysisk på kommunehuset på Frekhaug.

-Ordinær sakshandsaming med streaming tek til kl. 13:00.

Sakliste

Saknr	Tittel
047/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
048/21	Godkjenning av møteprotokoll – 08.06.2021
049/21	Referatsaker
050/21	Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver
051/21	Forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver
052/21	Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningslinjer
053/21	Årsmelding Alver ungdomsråd 2020-2021
054/21	Meldingar og orienteringar til OKK - 31.08.2021

24. august 2021

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
047/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
048/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

08.06.2021 Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 1570128
08.06.2021



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 08.06.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 09:00 - 13:10

Merknader:

Yngve Walaker-Uavh kom under handsaming av sak 045/21.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Yngve Walaker	UAVH	
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Vaage-rådgjevar Bygg, areal og grønt, Eirik B. Utne-kultursjef, Kristin Moe-kommunalsjef,
Sissel Mary Frotjold-tenesteleiar barnevern, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
027/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/21	Godkjenning av møteprotokoll
029/21	Tal teljetidspunkt barnehagane i Alver
030/21	Idrettsstipend 2021
031/21	Kulturstipend 2021
032/21	Tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur - våren 2021
033/21	Tilskot til drift av kunst, scene og formidlingsaktivitet 2021
034/21	Tilskot til mindre investeringar på kulturbygg og -anlegg 2021
035/21	Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024
036/21	Tilskot drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar
037/21	Tilskot drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige
038/21	Tilskot idrettsprosjekt
039/21	Tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt - frist 1. mars 2021
040/21	Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige
041/21	Tilskot til drift av andre lag og organisasjonar 2021
042/21	Tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag 2021
043/21	Tilskot til drift av skulekorps og barnekor 2021
044/21	Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner - høyringsutkast
045/21	Meldingar og orienteringar til utval for Oppvekst, kunnskap og kultur - 08.06.2021
046/21	Endra ramme, opprusting Knarvik 11 ar kunstgras

027/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Endring rekkefølge saksliste: Sak 045/21 vart handsama etter sak 028/21.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 027/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

028/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 20.04.2021 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 028/21 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 20.04.2021 vert godkjent.

029/21: Tal teljetidspunkt barnehagane i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, gjeldande frå 1.1.22. Teljetidspunkta er 15.februar, 15.august og 15. desember.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Framlegg til retningsliner kjem opp som eiga sak i september.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef

Merknad:

Saka skal til uttale i Utval for oppvekst kunnskap og kultur, Innstilling i Formannskapet og vedtak i Kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og fall (Anna Nordlund-SV, Laila Bjørge-Sp, Jostein Borlaug-Sp, May Britt Gjerde-Sp)

Framlegg frå Hege Dale-Uavh:

Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, då eit årleg teljetidspunkt gjev forutsigbarheit og eit betre barnehagetilbod i Alver Kommune. Teljetidspunktet vert 15/12.

Framlegg vart vedteke med 5 røyster, med leiar si dobbeltrøyst (Yngve Walaker-Uavh, Hege Dale-Uavh, Christel V. Haaland-H, Thea Risøy-Krf)

OKK- 029/21 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.06.2021:

Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, då eit årleg teljetidspunkt gjev forutsigbarheit og eit betre barnehagetilbod i Alver Kommune. Teljetidspunktet vert 15/12.

030/21: Idrettsstipend 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler idrettsstipend for 2020 pålydande kr. 30 000

kvar, til Tommy Urhaug og Tore Andre Aase Vabø.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 030/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler idrettsstipend for 2020 pålydande kr. 30 000 kvar, til Tommy Urhaug og Tore Andre Aase Vabø.

031/21: Kulturstipend 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur deler ut kulturstipend til følgjande aktørar:

- Morten Sæle: 30 000,-
- Arian Pedersen: 30 000,-
- Ulrik Kierulf Haugland: 10 000,-

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 031/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur deler ut kulturstipend til følgjande aktørar:

- Morten Sæle: 30 000,-
- Arian Pedersen: 30 000,-
- Ulrik Kierulf Haugland: 10 000,-

032/21: Tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur - våren 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur slik det går fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 032/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur slik det går fram av saka.

033/21: Tilskot til drift av kunst, scene og formidlingsaktivitet 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot – kunst, scene og formidlingsaktivitetar slik det kjem fram av saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 033/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot – kunst, scene og

formidlingsaktivitetar slik det kjem fram av saka

034/21: Tilskot til mindre investeringar på kulturbygg og -anlegg 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar på kulturbygg- og anlegg slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 034/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar på kulturbygg- og anlegg slik det kjem fram av saka.

035/21: Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien for 2020-2024, slik den ligg føre i saka.

Eldreråd 07.06.2021:

Behandling:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Samrøystes.

ER- 027/21 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.06.2021:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes

RMNF- 026/21 Vedtak:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 07.06.2021:

Behandling:

UR- 028/21 Vedtak:

Alver ungdomsråd støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak

Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 035/21 Vedtak:

Innstilling i OKK - 08.06.2021:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien for 2020-2024, slik den ligg føre i saka.

036/21: Tilskot drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 1 791 650,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 036/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 1 791 650,- slik det kjem fram av saka.

037/21: Tilskot drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 1 100 851,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 037/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 1 100 851,- slik det kjem fram av saka.

038/21: Tilskot idrettsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 111 000,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 038/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 111 000,- slik det kjem fram av saka.

039/21: Tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt - frist 1. mars 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 039/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til lokale musikk-, kunst og sceneprosjekt slik det kjem fram av saka.

040/21: Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000 kroner slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 040/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000 kroner slik det kjem fram av saka.

041/21: Tilskot til drift av andre lag og organisasjonar 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av andre lag og organisasjonar slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 041/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av andre lag og organisasjonar slik det kjem fram av saka.

042/21: Tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 042/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag slik det kjem fram av saka.

043/21: Tilskot til drift av skulekorps og barnekor 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av skulekorps og barnekor slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 043/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av skulekorps og barnekor slik det kjem fram av saka.

044/21: Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner - høyringsutkast**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner at reviderte retningsliner for kommunale tilskotsordningar innan kultur og idrett vert lagt på høyring med frist 10. august, slik dei ligg ved saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 044/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner at reviderte retningsliner for kommunale tilskotsordningar innan kultur og idrett vert lagt på høyring med frist 10. august, slik dei ligg ved saka

045/21: Meldingar og orienteringar til utval for Oppvekst, kunnskap og kultur - 08.06.2021**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Desse orienteringane vart gjevne i møtet:

- Orientering frå Barnevernet om etterspurde tema v/Sissel Mary Frotjold-tenesteleiar Barnevern
- Orientering om Kommunedelplan Kultur, idrett og friluftsliv v/Kaia Marie Amland-prosjektleiar Plan og analyse og v/Eirik Bouwer Utne-kultursjef

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes.

OKK- 045/21 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

046/21: Endra ramme, opprusting Knarvik 11ar kunstgras

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kostnadsramma for nytt banedekke på Knarvik 11ar kunstgras, vert auka til 6,1 millionar.

Prosjektet finansierast som følger:

Prosjektet er lagt inn i opprinnelig budsjett med sum kr 3,2 mill eks mva, 4 mill inkl mva.

Finansiering: lånemidlar 3,2 mill og mva-refusjon 0,8 mill.

Auke på 2,1 mill inkl. mva eller kr 1,68 mill ekskl. mva.

Finansiert med lånemidlar med kr 1,68 mill og 0,42 mill i mva-refusjon.

Sum prosjekt er kr 6,1 mill. kr 4,88 mill eks mva og kr 1,22 mill i mva.

Finansiert med 4,88 mill i lånemidlar og kr 1,22 mill i mva.-refusjon

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Uttale frå Alver idrettsrådet vart ettersendt utvalet - 08.06.2021

Atle Vaage-rådgjevar, orienterte og svara på spørsmål.

Framlegg frå Thea Risøy-Krf:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår Formannskapet til å innstille for alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift med kostnadsramme 7,5 million.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster, mot 1 røyst (Anna Nordlund-SV)

OKK- 046/21 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.06.2021:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår Formannskapet til å innstille for alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift med kostnadsramme 7,5 million.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
049/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021

Referatsaker

Meldinga vert teke til orientering.

Underliggjande saker:

001/21, Referat frå møte i samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet ved Sagstad skule 2. juni 2021

002/21, IKKUS samarbeidsavtale



Medlemmer av skulemiljøutvalet/samarbeidsutvalet ved Sagstad skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/2580 - 21/37888

Saksbehandlar:

Magne Lædre

magne.ledre@alver.kommune.no

Dato:

04.06.2021

Referat frå møte i samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet ved Sagstad skule 2. juni 2021

REFERAT FRÅ MØTE ONSDAG 02.06.2021 kl. 18.00 – 20.00

Møta blei gjennomført utan representantar frå elevrådet, då elevane var på leirskule.

Referat frå møte i skulemiljøutvalet 02.06.2021 kl. 18.00-19.00 på personalrommet

Saksliste

06/21 Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte

Godkjent utan merknader

07/21 Informasjon om skulen sitt arbeid med tiltaksplanar etter §9a.

Per no er det 5 aktive planar. Skulen har 12 saker som er under utgreiing. Så langt ser 3 av dei ut til å gå til aktivitetsplan, 3 blir avslutta, og 6 treng vidare undersøking.

Skulen har hatt ein §9a-5 sak som er lagt vekk etter undersøking. Rektor informerte om detaljane rundt den saka.

08/21 Gjennomgang av resultatata frå foreldreundersøkinga til FAU v/Fredrik/Anette

I samband med dialogmøte med skuleeigar har FAU gjennomført ei større undersøking om kva føresette er opptatt av og kva dei ønskjer FAU skal fokusere på i sitt vidare arbeid.

Som satsingsområder kjem desse områda på topp:

- Mobbing og krenkelser
- Inkluderande skulemiljø
- Trygg skuleveg

FAU har og spørsmål rundt skuleveg og trafikksituasjonen på skulen. Fleirtalet av føresette ønskjer at eleven skal gå til skulen. Det er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

09/21 Eventuelt – ingen saker

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 02.06.2021 kl. 19.00- 20.00 personalrommet

Sakliste:

05/21 Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte

Godkjent utan merknader

06/21 Orientering frå rektor om aktuelle saker

- Koronasituasjonen – Alver kommune på grønt nivå frå 1. juli
- Økonomi – skulen ligg bra an i høve til budsjett 2021. Frå hausten av går ned noko ned på assistentbemanning. Dette er sjølv sagt utfordrande for oss, og rammar dei mest sårbare.
- SFO bemanning – skulen er i prosess med å rekne på ressursar til neste skuleår. Utfordrande arbeid all den tid elevtalet går ned i løpet av skuleåret. Det gjer at bemanninga vår er lågast når vi i utgangspunktet har behov for flest tilsette.
- Digitaliseringsprosjekt Alver – Chromebooks til 6. og 7. trinn.

07/21 Orientering frå FAU – kva er jobba med sidan sist?

Foreldreundersøkelsen har vært det store tema. Forarbeid til dialogmøte med skuleeigar. Fokus på kva føresette ønskjer FAU skal jobbe med neste år.

08/21 Gjennomgang av skulen sin utviklingsplan

Rektor presenterte skulen sin plan og kva områder vi har fokus på frå hausten.

Skulen har etter eit omfattande analysearbeid laga ein plan innan utviklingsområda

1. Læreplan og læringsmiljø
2. Organisasjonsutvikling
3. Språkutvikling/lesing

Inkludering, medverknad og heilskap og samanheng er sentrale prinsipp i planen. I korte trekk omhandler planen at alle elevar på Sagstad skal nå sitt potensiale, ved hjelp av medverknad og inkludering. Planen har og fokus på korleis vi som skule må jobbe med å utvikle kompetanse, dele erfaringar frå klasserommet, samt planleggje, reflektere, evaluere og justere undervisninga for at elevane skal nå potensialet sitt.

09/21 Eventuelt – Ingen saker meldt.

Med helsing
Alver kommune, Sagstad skule

Magne Lædre
Rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemmer av
skulemiljøutvalet/samarbeidsutva
let ved Sagstad skule

Samarbeidsavtale IKKUS — Interkommunalt kultursamarbeid

Samarbeidspartar

Følgjande kommunar er partar i denne administrativt samarbeidsavtalen: Bjørnafjorden Alver Askøy og Øygarden kommuner

Formål

IKKUS har som formål

- å styrkje og vidareutvikle samarbeidet kring kultur i samarbeidskommunane.
- å utvikle eit samarbeid der oppgåver kan løysast over kommunegrensene.
- Kommunane som deltar i samarbeidet kan på sikt tilleggst fellesoppgåver for dei samarbeidene kommunane.
- å ha eit fleksibelt samarbeidsfellesskap, der samarbeidet skal gagne dei som deltar. Det inneber at ein kan sjå for seg ulike samarbeidskonstellasjonar innanfor rammene av IKKUS, at t.d. to eller tre av kommunane kan samarbeide seg i mellom viss det er det mest tenlege.
- å vere eit talerør overfor sentrale styresmakter i saker av felles interesse

Organisering og styring

Samarbeidet er organisert gjennom ei styringsgruppe der kultursjefane i dei fire kommunane møter. Leiaransvaret går på omgang. Gruppa møtest med jamne mellomrom og leiar har ansvar for å sette opp dagsorden og skrive referat..

I tillegg til møte i styringsgruppa, bør det arrangerast nettverksmøter og eit årleg arbeidsseminar for kommunane sine tilsette innanfor kultur. Dette seminaret blir dekkja av kommunane sine respektive budsjett.

Myndigheit

Styringsgruppa skal ta initiativ til moglege samarbeidsprosjekt, samordningsområde, felles søknader om midlar der det er tenleg, og skal drøfte og ta stilling til nye saker som ligg innanfor samarbeidet sitt formål.

Finansiering og økonomi

Kostnadar vert fordelte mellom kommunane frå sak til sak, innanfor kommunane sine årlege budsjetttrammer. Styringsgruppa avgjer fordelingsnøkkel. Tiltak utover kommunane sine budsjett blir sikra med ekstern finansiering.

Lengd

Samarbeidet held fram så lenge ein finn det føremålstenleg.


Dato 22.juni 2021




Eirik Bouwer Utne
Alver Kommune



Erik Vangsnes
Bjørnafjorden kommune



Christel Møvik-Olsen
Øygarden kommune



Gunnar Brynjulfson
Askøy kommune

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-B32
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021
035/21	Ungdomsråd	30.08.2021

Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om ordensreglement for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune blir vedtatt slik den ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå vedtaksdato.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet.

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Alver kommune skal gje forskrift om ordensreglement for den offentlege grunnskulen i Alver, jamfør Opplæringslova § 9A-10. Fram til endeleg forskrift er vedtatt, har kommunen ei mellombels forskrift som er vedtatt administrativt.

Framlegg til ordensreglement har vore på høyring til rådsorgana i skulen, tilsette sine organisasjonar samt Ungdomsrådet. Barneskulane Austebygd, Grasdalen, Kløvheim, Knarvik, Leiknes, Manger, Ostereidet og Seim har svart på høyringa, i tillegg til Radøy ungdomsskule. Tilsaman har 9 skular svart på høyringa.

Saksopplysningar:

Ordensreglementet er heimla i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa § 9A-10, og skal gjelde for alle kommunale grunnskular i kommunen. Reglementet kan ikkje fråvikast.

Målsetjinga med eit ordensreglement for dei kommunale grunnskulane i kommunen er å ha felles reglar og rammer som er med på å bidra til eit trygt og godt skulemiljø.

Den einskilde skule skal gje utfyllande særreglar (ordensreglar) tilpassa dei lokale forholda i tråd med vedtatt ordensreglement. Alver kommune sitt ordensreglement gir også føringar for korleis skulen sitt lokale ordensreglement skal utformast. Vidare seier reglementet noko om elevane sine rettar og pliktar, og gjev reglar for orden og åtferd. Reglementet gjev og rammer for kva sanksjonar som kan nyttast, korleis sakshandsaminga skal vere og når reglementet gjeld frå. Elevar og føresette skal kjenne til reglementet.

Ordensreglane ved den einskilde skule gjeld i skuletida. Skulefritidsordninga og leksehjelp er ikkje ein del av skuletida, og er difor ikkje omfatta av dette reglementet. Det er utarbeidd eit eige reglement for desse.

Innspel som er kome inn i høyringa, med rådmannen sine vurderingar av desse

Rådmannen har lest gjennom og vurdert alle innspela som er sendt inn, og vil i det følgjande presentere hovudmomenta kronologisk ved å starte på byrjinga i reglementet og arbeide gjennom dokumentet.

§ 3 Verkeområde

Tilsette ved Knarvik barneskule har sendt innspel om at det er vanskeleg å handheve reglementet på skuleveg og i det digitale rommet, og konkretiserer det ved å stille følgjande spørsmål: Korleis kontrollerer ein bruk av mobilar, smartklokker etc. på skulevegen, og eventuelle hendingar med tanke på mobbing?

Rådmannen si vurdering

Rådmannen har stor forståing for at det kan vere vanskeleg å handheve reglementet på skuleveg og i det digitale rom. Når dette er lagt til under reglementet sitt verkeområde, er det for å bidra til at elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Sjølv om skulen si aktivitetsplikt berre gjeld på skulen sitt område eller der undervisning eller aktivitetar knytt til skulen, SFO eller leksehjelpa går føre seg, har skulen like fullt ei plikt til å hjelpe ein elev som, grunna forhold utanfor skulen, til dømes skulevegen, ikkje opplever at det er trygt å vere på skulen. Hendingar som skjer på skulevegen kan ha direkte innverknad på elevane si oppleving av skulemiljøet, og ved nokre tilhøve vil det vere behov for å setje inn tiltak som har skulevegen som verkeområde, til dømes følgjegrupper, trafikkvaktar, tilsyn eller anna. Dette er i samsvar med innhaldet i forarbeida til opplæringslova, som ein kan lese meir om i Prop. 57 L (2016-2017).

Det kan vere aktuelt å arbeide med dette temaet i samband med rullering av skulen sitt lokale ordensreglement, slik at elevane får vere med i refleksjonar og prioriteringar.

§ 4 Reglar for orden

Leiknes skule har kome med framlegg om å leggje til «så godt ein kan» i tredje kulepunkt, slik at innhaldet her blir: Gjere skulearbeidet så godt eg kan og til avtalt tid. Leiknes har også kome med eit innspel om at det bør stå noko om at elevane skal få hjelp og støtte til ei sosial og emosjonell utvikling, og at skulen skal ta omsyn til elevane sine føresetnader.

Rådmannen si vurdering

Innspelet til Leiknes skule er å oppfatta som ei presisering av rettane og forventningane til elevane, og at det kan bidra til meir tydeleg informasjon til eleven. Det er difor lagt til ei endring i reglementet på dette.

Rådmannen vurderer at det er i samsvar med føremålet med vurdering i orden og åtferd, jamfør forskrift til opplæringslova § 3-4.

§ 5 Reglar for åtferd

Leiknes skule har kome med framlegg om å leggje til punkt om å vere hyggeleg og høfleg i møte med andre elevar og vaksne samt ta vare på leikeapparat og skulen sitt uteområde og alltid forlate området slik vi ønskjer å finne det.

Knarvik barneskule har sendt innspel om å bruke ordet elevar, ikkje medelevar i avsnitt 2, slik at setningen blir lydande: I skulane i Alver aksepterer ein ikkje at nokon utset elevar eller vaksne i skulemiljøet for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging på skulen, skulevegen eller id et digitale rommet.

Rådmannen si vurdering

Leiknes skule sitt ønske i høve til presisering av at elevane skal vere hyggeleg og høfleg i møte med andre elevar og vaksne. Rådmannen vurderer at intensjonen er dekkja av teksten som står: Vise omsyn og respekt for medelevar, tilsette og andre som dei møter i skulekvardagen. Rådmannen gjer den same vurderinga i høve til formuleringa om uteområde, då det står i reglementet at elevane skal ta vare på alt som tilhøyrer skulen.

Dersom det er ønskjeleg, kan eventuelt Leiknes skule leggje inn denne formuleringa i skulen sine lokale ordensreglar.

Rådmannen forstår også at ordlyden blir meir allmenngyldig ved bruk av ordet elevar i staden for medelevar, og vil endre dette i reglementet.

§ 7 Bruk av plagg som dekkjer ansiktet

Innspel frå Grasdal om at denne paragrafen kan strykast, all den tid innhaldet er dekkja i § 5.

Fleire har sendt innspel i høve til om forbod mot plagg som dekkjer ansiktet også inkluderer bruk av lue, caps og hette. Elevrådet ved Kløvheim skule spør om det kan vere mogleg å bruke hette/lue/caps etc. så lenge ein følgjer med i undervisninga, og elevrådet ved Knarvik barneskule spør om det er lov elles i skuletida, om reglane berre er tiltankt religiøse plagg eller om ein elev kan knyte igjen ei hette. SMU ved Manger skule seier at det bør konkretiserast kva som er meint med plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet. Ostereidet barneskule stiller tilsvarande spørsmål.

Rådmannen si vurdering

Opplæringslova definerer denne regelen, i § 9-7 Forbod mot bruk av klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet: Elevar skal ikkje bruke klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet i undervisninga og vurderingssituasjonar, på turar og arrangement i regi av skolen, ved leksehjelp eller i skulefritidsordninga.

Tilsette skal ikkje bruke klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet når dei underviser elevane, med mindre

dette er grunnlagt i klimatiske, helsemessige eller tryggleiksmessige forhold. Difor er denne paragrafen tatt med i reglementet.

I forarbeida til lovteksten i opplæringslova, mellom anna i innstilling til Stortinget 351 L (2017-2018), Prop. 51 L (2017-2018), er det vist til at forbodet mot bruk av ansiktsdekkjande plagg i barnehagar og undervisningssituasjonar vil gjelde nikab, burka og finlandshetter med stoff framfor ansiktet. Hijab, som berre dekkjer håret og halsen, er ikkje eit plagg som dekkjer ansiktet. Rådmannen har lagt denne tolkinga til grunn i framlegget til reglement, og vil i reglementet skrive inn plagg av typen nikab, burka og finlandshette som døme på plagg som dekkjer heile ansiktet.

§ 8 Fråvær

Knarvik barneskule spør om kva elevane kan få fri til, då dei saknar tydlege kriterier på kva som er gangbart når føresette søker om fri for barnet sitt
SMU ved Manger skule har sendt innspel om at det bør kome fram kor mange dagar kontaktlærar kan gje permisjon, slik at det vert likt i kommunen

Rådmannen si vurdering

Opplæringslova § 2-11 regulerer kommunen sin rett til å gje permisjon frå den pliktige opplæringa. Kommunen og skulen kan ha reglar for korleis permisjonssøknadar skal handsamast og rådmannen vil utarbeide egne retningslinjer for korleis dette skal gjerast i Alver.

§ 9 Konsekvensar ved brot på reglementet

Leiknes skule har sendt innspel om at kommunen bør ha med åtferdssamtale elev heim-skule som mogleg konsekvens, gjerne som punkt c.

Elevrådet ved Knarvik barneskule etterlyser eit skarpere skilje mellom kva som er kollektiv straff og kva som er ein naturleg konsekvens etter ei uønska hending/handling. Tilsette ved Knarvik barneskule spør om det er realistisk å gjennomføre dialog med elev og føresette før alle sanksjonar, også ved mindre brot på reglane?

Tilsette ved Ostereidet barneskule stiller spørsmål om konsekvensen «vere tilstades på skulen før eller etter skuletid» også kan gjennomførast i friminutt.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen forstår Leiknes skule sitt ønskje om å ha med ein dialogsamtale mellom heim-elev-skule i konsekvenslista, men vurderer at punkt a og b gir rom for det, då det er skissert munnleg tilbakemelding til elev og unnleg kontakt med føresette i desse to punkta. I tillegg skal eleven få høve til å uttale seg før skulen gjer bruk av sanksjonar.

I høve til at det ikkje kjem tydeleg nok fram kva som er skilje mellom kollektiv straff og ein naturleg konsekvens, vurderer rådmannen at dette er belyst i siste avsnitt under § 9. Her er det presisert at kollektiv straff eller sanksjon ikkje er tillate. Det kan tenkjast at tilsette og elevar tenkjer ulikt omkring kva som er/blir opplevd som ein kollektiv straff, og at det vil vere fruktbart å drøfte dette i samband med rullering av dei lokale ordensreglane.

Gjennom reglementet får skulane høve til å bruke sanksjon som verkemiddel ved brot på på reglementet/ordensreglar. Også ved bruk av sanksjonar må målsetjinga med reglementet takast omsyn til. Skulen skal bidra til gode vilkår for læring og personleg utvikling, og vere ein stad der alle trivst og får høve til å prestere og bidra. Skulen må difor gjere bruk av sanksjonar med varsemd og tenkje eleven sitt beste også for den som får ein sanksjon.

Grensegangen mellom mindre brot på reglane og bruk av sanksjon må truleg arbeidast med på den einskilde skule, og verkemiddel som blir brukt, må vere til det beste for barnet. Ut frå situasjon og barnet sine behov/føresetnader, er det naturleg at dei vaksne må vurdere om det er til dømes dialog, samtale, rettleiing, ros, støtte eller sanksjon som vil vere mest effektivt i situasjonen, på kort sikt og på lang sikt. Friminutt kan nyttast til å følgje opp tiltak, og skulen må vurdere om dette er i samsvar med intensjonane rundt lovverket og reglement.

§ 11 Vurdering av orden og åtferd

Innspel frå Leiknes skule om at språket kan mjukast opp litt, ved å byte ut «vil til vanleg bli sett ned» til «kan bli

sett ned»

SMU ved Manger skule har sendt innspel om at det bør konkretiserast om vurdering i orden og åtferd også gjeld for barnetrinnet.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen ser at formuleringa i reglementet er litt stivt og kan vere til hinder for gode vurderingar i skulane. Ordlyden vil difor bli endra i samsvar med innspelet frå Leiknes skule.

Eleva til og med 7. årstrinn skal berre givast vurdering i orden og åtferd utan karakter, jamfør Forskrift til opplæringslova § 3-6 karakter i orden og åtferd.

§ 12 Bortvising

Tilsette ved Knarvik barneskule spør om det ikkje er nødvendig å påleggje føresette ansvar for henting ved bortvising, slik at ein tryggjer eleven.

Rådmannen si vurdering

Eit slik behov kan vere ulikt frå barneskule til ungdomsskule, og det er rådmannen si vurdering at dette bør avtalast i samtale mellom heim og skule for eleva på barnetrinnet. Då behovet vil varierer er det ikkje aktuelt å skrive eit generelt påbod om at føresette skal hente eleva ved bortvising frå undervisninga.

§ 13 Beslag av gjenstander

Austebygd ønskjer ei presisering av kva som er å reikne som alvorlege gjenstander og at reglementet gir rom for å vurdere om det er forsvarleg å levere ut ein beslaglagt gjenstand til eleven etter skuletid.

SMU ved Manger skule spør kva som er meint med gjenstander, og om det også inkluderer digitale gjenstander? Dei viser til at vi lever i ei digital tid, der det absolutt kan vere digitale gjenstander som kan vere til skade for andre.

Tilsette ved Ostereidet barneskule melder at dersom den beslaglagte gjenstanden er/kan vere farleg for andre, bør foreldra hent, ikkje bli levert ut til eleven.

Rådmannen si vurdering

Det er i teksten behov for å presisere at skulan skal gjere ei vurdering av om det er forsvarleg å levere tilbake ein gjenstand som er beslaglagt av ein elev, eller om føresette må hente den. Det er difor lagt til ein endring av denne setninga i reglementet, der ny formulering blir som lydande slik: *Alle beslaglagte gjenstander blir levert til eleven etter skuletid same dag, eller må bli henta av føresette.*

I ei digital tid, kan også bruk av digitale gjenstander vere til skade for elevane. Det er i denne samanheng meint gjenstander som kan vere til skade fysisk, ikkje emosjonelt eller psykologisk. Rådmannen ser klårt behovet for å regulere bruk av til dømes mobiltelefon og smartklokker i skulen, men vurderer på noverande tidspunkt at det må forankrast i dei lokale ordensreglane i skulen.

§ 14 Skade/hærverk

Knarvik barneskule har sendt framlegg om å endre rekkjefølgje på setningane, og grunnjev dette med betre rekkjefølgje, eskalering, hierarkisk.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen har vurdert dette innspelet, men ønskjer å halde på ordlyden i teksten. Dette fordi første avsnitt viser til overordna regelverk, deretter kjem eit avsnitt om foreldra sitt ansvar og til slutt eleven sine rettar.

Denne strukturen viser retning frå overordna nivå og til individnivået.

§ 16 Straffbare forhold

Tilsette ved Knarvik barneskule stiller spørsmål ved om når det skal meldast, kva som blir definert som straffbare forhold og kven som er skulen i denne samanheng?

Rådmannen viser her til rutine for melding til politiet.

§ 17 Skulen sine lokale ordensreglar

Leiknes har sendt innspel om at det er for kort tidsfrist til å handsame dei lokale ordensreglane innan 1.9 i nytt skuleår. Dei kjem med framlegg om at frist for å sende kopi av kopi av forskrift av ordensreglement, med lokale ordensreglar til tenesteleiar, blir sett til 10.10.

Rådmannen sin vurdering

Prosess med rullering av reglane er ein del av arbeidet om våren, då har skulen/organa vore gjennom nesten eit heilt skuleår, og representantane har innehatt rolla i nesten eit skuleår. For at det ikkje skal vere tvil om dette, vil rådmannen endre fristen for å ha dei lokale reglane til høyring i rådsorgana til 01.06.

Vedlegg til kommunalt ordensreglement

Leiknes skule har kome med innspel om at det viktigaste ofte er å få endra uønska åtferd eller få betre orden, meir enn å fokusere på tydelege konsekvensar. Det vil vere ulike måtar å jobbe med dette på. Dei legg fram ønskje om ei omformulering av 6. setning i 1. avsnitt: Moglege konsekvensar skal vere tydelege slik at det er avklart kva sanksjonar som kan nyttast ved regelbrot.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen følgjer skulen sine tankar i høve til fokus på konsekvensar. Reglementet skal hjelpe elevane i deltaking og utvikling, og skulemiljøet skal opplevast som trygt og godt av alle elevane. Skulane bør ha eit stort handlingsrom til å gjere vurderingar lokalt. Rådmannen vil difor endre teksten i samsvar med dette innspelet.

Andre innspel

Samarbeidsutvalet ved Kløvheim skule etterlyser kommunalt reglement for bruk av mobiltelefon i skulen + transportmiddel.

SU ved Seim skule skriv i si uttale at kostnad pr. Chromebook bør presenterast i avtaledokumentet om utlån av PC/Chromebook/IKT utstyr, slik at føresette veit kva dei må erstatte ved hærverk/uværen bruk.

SU ved Grasdal skule har sendt inn spørsmål om kva for sanksjonar og konsekvensar kan vi ha ved brot på reglane her. Dei har eit framlegg om at elevar kan miste retten til skuleskyss inntil 1 veke. Dei grunngjev behovet med at fleire skular i kommunen brukar mykje ressursar på å sende ekstra bussvakt med skulebussen 1-2 timar kvar dag for å sikre barn ein trygg skuleveg, grunna enkeltelevar som bryt reglane om åtferd.

Rådmannen si vurdering

Skulane må utarbeide eigne reglar for bruk av mobiltelefon i skuletida, og at det på noverande tidspunkt ikkje er aktuelt å fremje eit felles reglement for skulane i Alver. Forbod mot bruk av mobiltelefon i skuletida må vere heimla i skulen sitt ordensreglement. Forbodet kan ikkje vere av ein slik art at det er i strid med elevane sine rettar etter grunnloven og menneskerettane. Informasjon om kva skulane kan ta inn i ordensreglementet i høve til å regulere mobilbruk, er mellom anna å finne på Utdanningsdirektoratet si tolkinguttale om Mobilbruk og ordensreglement.

Rådmannen forstår intensjonen til Seim skule, i høve til å synleggjere kva utgift føresette må dekkje ved eventuelt hærverk eller uværen bruk. Ei utfordring her er at kostnad per maskin varierer relativt mykje, men rådmannen vil vurdere om det er mogleg å skrive ein rettleiande pris.

Det å nekte elevar å følgje skuleskyssen, vil vere eit svært inngripande tiltak. Truleg vil det bidra til at fleire elevar blir merksame på dette, og kanskje får det også uheldige konsekvensar for føresette. Rådmannen vurderer at det vil vere til det beste for eleven om det blir sett inn støtte/rettleiing, og at dette i større grad vil vere i samsvar med intensjonen i opplæringslova. Meir om tiltak på skuleveg er skildra i § 3 Verkeområde.

Endringar i høve til reglement som vart sendt på høyring

Det har kome inn mange gode innspel til denne høyringa, og det er fint å registrere korleis elevstemma kjem tydeleg fram i innspela frå skulane. Det er tydeleg at det har vore gjennomført gode prosessar i elevråd, skulemiljøutval og samarbeidsutval.

På bakgrunn av innspela ser rådmannen behov for å gjere nokre endringar i reglementet i høve til framlegget som vart sendt ut.

Endringane rådmannen har lagt til i dokumenter er som følgjer:

- § 4 Reglar for orden – Endra tekst i kulepunkt 3 til; gjere skulearbeidet så godt eg kan og til avtalt tid
- II Reglar og konsekvensar - Leggje til to setningar om at Elevane skal få hjelp og støtte til ei sosial og emosjonell utvikling, samt Skulen skal ta omsyn til elevane sine føresetnader
- § 5 Reglar for åtferd – Endre ordet medelevar til elevar

- § 7 Bruk av plagg som dekkjer ansiktet – Legje til: Til dømes nikab, burka og finlandshette
- § 11 Vurdering av orden og åtferd – Endre ordlyd frå «vil til vanleg bli sett ned» til «kan bli sett ned»
- § 13 Beslag av gjenstander – Endre siste setning til følgjande ordlyd: Andre beslaglagte gjenstander blir levert til eleven etter skuletid same dag, eller må bli henta av føresette
- § 17 Skulen sine lokale ordensreglar – Endre frist for høyring frå 01.09 til 01.06.
- Vedlegg til kommunalt ordensreglement – Erstatte setning «Reglane må følgjast opp med tydelege konsekvensar» med «Moglege konsekvensar skal vere tydelege slik at det er avklart kva sanksjonar som kan nyttast ved regelbrot».

Aller endringane som er gjort i reglementet, er markert med gult i dokumentet. Den gule markeringa blir fjerna etter politisk vedtak og før reglementet blir kommunisert ut i organisasjonen.

Vedlegg i saken:

20.08.2021 Framlegg til ordensreglement for grunnskulane i Alver 1599805

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
B32
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021
036/21	Ungdomsråd	30.08.2021

Forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Forskrift om ordensreglement for SFO og leksehjelp ordninga i dei offentlege grunnskulane i Alver kommune blir vedtatt slik den ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå vedtaksdato.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet.

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Alver kommune skal gje forskrift om ordensreglement for SFO og leksehjelpordninga i den offentlege grunnskulen i Alver, jamfør Opplæringslova § 9A-10. Ordensreglement i grunnskulen gjeld i skuletida. Skulefritidsordning og leksehjelpordninga er ikkje en del av skuletida, og vil ha eit eige ordensreglement. Fram til endeleg forskrift er vedtatt, har kommunen ei mellombels forskrift som er vedtatt administrativt. Framlegg til ordensreglement har vore på høyring til rådsorgana i skulen, tilsette sine organisasjonar samt Ungdomsrådet.

Barneskulane Alversund, Austebygd, Kløvheim, Knarvik, Leiknes, Manger, Ostereidet, Grasdalen og Seim har svart på høyringa. Til saman har 8 skular svart på høyringa.

Saksopplysningar:

Ordensreglementet for SFO og leksehjelpordninga er heimla i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa § 9A-10, og skal gjelde for alle kommunale grunnskular i kommunen. Reglementet kan ikkje fråvikast.

Målsetjinga med eit ordensreglement for dei kommunale SFO og leksehjelpordninga i grunnskulane i kommunen er å ha felles reglar og rammer som er med på å bidra til eit trygt og godt skulemiljø.

Den einskilde skule skal gje utfyllande særreglar (ordensreglar) tilpassa dei lokale forholda i tråd med vedtatt ordensreglement. Alver kommune sitt ordensreglement gir også føringar for korleis skulen sitt lokale ordensreglement skal utformast. Vidare seier reglementet noko om elevane sine rettar og pliktar, og gjev reglar for orden og åtferd. Reglementet gjev og rammer for kva sanksjonar som kan nyttast, korleis sakshandsaminga skal vere og når reglementet gjeld frå. Elevar og føresette skal kjenne til reglementet.

Skulefritidsordninga og leksehjelp sine ordensreglar gjeld ikkje i skuletida. Det er utarbeidd eit eige reglement for skuletida.

Innspele som er kome inn i høyringa, med rådmannen sine vurderingar av desse

Rådmannen har lest gjennom og vurdert alle innspela som er sendt inn, og vil i det følgjande presentere hovudmomenta kronologisk ved å starte på byrjinga av dokumentet og arbeide gjennom dokumentet.

II Reglar og konsekvensar

Leiknes skule vurderer at det er særskilt viktig å få fram at elevane skal få hjelp og støtte til ei sosial og emosjonell utvikling. Dei framhevar at det må takast omsyn til elevens føresetnader i samband med orden og åtferd. Dei foreslår at dette vert skriva inn under punktet om reglar og konsekvensar.

Alversund skule har eit innspel kring setninga « det er forventa at ein følgjer vanlege reglar for korleis ein oppfører seg» Skulen har spørsmål om det er behov for ei presisering eventuelt at setninga vert fjerna.

Rådmannen si vurdering

Innspelet til Leiknes skule er å oppfatta som ei presisering av rettane og forventningane til elevane, og at det kan bidra til meir tydeleg informasjon til eleven. Det er difor lagt til ei endring i reglementet på dette.

Rådmannen vurderer at det er i samsvar med føremålet med vurdering i orden og åtferd, jamfør forskrift til opplæringslova § 3-4.

Alversund stiller spørsmål om kva som er vanlege reglar for oppførsel. I forskrifta er det tenkt på dei reglar for oppførsel som ein har i samfunnet generelt. Skulane kan i sitt lokale ordensreglement gjere presiseringar i det lokale regelverket. Rådmannen oppfordrar til at det vert gjort avklarande drøftingar i dei lokale rådsorgana i samband med utforminga av dei lokale reglane.

§5 Reglar for Åtferd

Knarvik barneskule, Leiknes skule, Alversund skule og Ostereidet barneskule har innspel i teksten der ein ønskjer å fjerne setninga «spesielt for leksehjelpordninga» , då dette vil vere relevant også i SFO.

Knarvik barneskule har framlegg om å endre teksten i setninga «utsett andre elevar eller vaksne i miljøet for krenkjande ord eller handlingar for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging på skulen, skulevegen eller i det digitale rommet» Skulen gjer framlegg om å fjerne ordet «andre» slik at teksten vert enklare å lese og forstå for alle.

Leiknes skule har kome med framlegg om å leggje til punkt om å vere hyggeleg og høfleg i møte med andre elevar og vaksne samt ta vare på leikeapparat og skulen sitt uteområde og alltid forlate området slik vi ønskjer å finne det.

Alversund skule stil spørsmål om det er ei nødvendig presisering i ordensreglane å ha med punkta som omhandlar tobakk, snus og e-sigarett då dette er ulovleg for elvane uansett.

Frå Alversund skule kjem det forslag om å om formulere setninga «utset andre elevar eller vaksne i miljøet for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging på skulen, eller i det digitale rommet». Dei foreslår å skriva «utset andre elevar eller vaksne i miljøet for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging»

Rådmannen si vurdering

Rådmann ser at det vil vere hensiktsmessig å endre teksten i forslag til ordensreglar for SFO og leksehjelpordninga slik forslaget gjer uttrykk for. Her vil ein ta ut av reglane setninga «spesielt for leksehjelpordninga» Rådmannen vil endre dette i reglementet.

Rådmannen er og samd i Knarvik barneskule sitt forslag om å ta ut ordet «andre» då det gjev eit meir presist

språk i teksten og vil endre det i reglementet.

Leiknes skule sitt ønske i høve til presisering av at elevane skal vere hyggeleg og høfleg i møte med andre elevar og vaksne er forståeleg, men rådmannen vurderer at intensjonen er dekkja av teksten som står: *Vise omsyn og respekt for medelevar, tilsette og andre som dei møter i skulekvardagen*. Rådmannen gjer den same vurderinga i høve til formuleringa om uteområde, då det står i reglementet at elevane skal ta vare på alt som tilhøyrar skulen. Dersom det er ønskjeleg, kan eventuelt Leiknes skule leggje inn denne formuleringa i skulen sine lokale ordensreglar.

Rådmannen har forståing for innspelet om det er naudsynt å presisera forbodet mot tobakk, snus og e-sigarettar. Det kan virke unødig sett i samanheng med elevane sin alder. Samstundes vil det med tidlegare omtalte endring i §5 paragraf vere gjeldande for elevar frå 1- 10 trinn. Leksehjelpordninga kan vere på alle trinn i grunnskulen. I framlegget til ordensreglement er det eit punkt som skal vere førebyggjande, samstundes som det gjev skulen moglegheit til å ha konsekvens/reaksjon om situasjonen skulle oppstå. For å ha denne mogelegheita må det vere forankra i ordensreglane.

Frå Alversund skule kjem det forslag om å formulere setninga «utset andre elevar eller vaksne i miljøet for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging på skulen, eller i det digitale rommet». Dei foreslår å skrive «utset andre elvar eller vaksne i miljøet for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging» Rådmannen vurderer at det er behov for å ta med det digitale rommet i reglementet. Dette fordi elevane i stor grad nyttar det digitale rommet i kvardagen.

§6 Konsekvensar ved brot på reglementet

Leiknes skule har sendt innspel om at kommunen bør ha med åtferdssamtale elev heim-skule som mogleg konsekvens, gjerne som punkt c.

Austebygd skule har innspel på at det kan vere utfordrande å handheve enkelte deler av ordensreglementet då det berre er ein vaksen på 16 born. Dei skriv og at det å innskrenke areal for ein periode ikkje vil la seg gjennomføre i og med tilsynsplikten. Austebygd skule og har som forslag at ein av sanksjonane kan vere bortvising frå SFO i ei periode. Alversund skule legg merke til at bortvising ikkje er lista opp som sanksjon.

Alversund skule har innspel på ei presisering i forhold til leksehjelp. Skulen skriv at det er naturleg at elevane forlèt leksehjelp når dei har fullført arbeidet, og at ordninga ikkje vil bere preg av ei tilsynsordning. Skule foreslår det kan leggest inn som ei endring i §3.1 elevanes rettar og pliktar.

Alversund skule har ei teknisk endring, det er to punkt som er skrive med bokstaven d.

Manger skule og Grasdal skule ønskjer tydeliggjering kring punktet som omhandlar å innskrenke tilgjengeleg areal for ei kortare periode.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen forstår Leiknes skule sitt ønske om å ha med ein dialogamtale mellom heim-elev-skule i konsekvenslista, men vurderer at punkt a og b gir rom for det, då det er skissert munnleg tilbakemelding til elev og munnleg kontakt med føresette i desse to punkta. I tillegg skal eleven få høve til å uttale seg før skulen gjer bruk av sanksjonar.

Rådmannen ser at det utanfor kjernetid kan vere ei utfordring på mindre SFO ordningar med innskrenking av areal. På større ordningar vil ein ha større fleksibilitet og mogelegheit for å organisere drifta. Det vil vere eit inngripande tiltak for eleven og familien i SFO ved bortvising. Skulefritidsordninga er ei frivillig ordning som foreldra nyttar mot betaling. Det er heller ikkje opent for bortvising frå SFO i opplæringslova og det vert førande for utforming av konsekvensar i ordensreglane. Rådmannen oppfordrar til dialog og godt samarbeid i

alle handsamingar av sakar som kan gje konsekvensar.

Rådmannen rettar opp bokstavfeilen som Alversund skule gjer merksam på og gjer ny bokstav på punkta slik at det vert rett.

Alversund skule ønskjer å få inn ei regel som gjer det naturleg å forlate leksehjelp når arbeidet er ferdig. Rådmannen vurderer dette som eit punkt dei lokale ordensreglane bør regulera. Det kan vere ulik organisering på skulane i forhold til leksehjelp. Skulane vil lokalt ha eit godt grunnlag for å gjere dei gode tilpassingane i sitt arbeid med organiseringa av leksehjelpordninga.

Manger skule og Grasdal skule at det bør presiserast kva det vil si å innskrenke areal for ei kortare periode. Grasdal skule ønskjer at det og vert vurdert i forskrift til ordensreglar for grunnskule. Rådmannen visar til forskrift for ordensreglar for grunnskule der Grasdal skule sitt innspel vil bli vurdert. Det å innskrenke areal vil vere ulikt frå skule til skule. Dette bør difor lokalt og frå situasjon til situasjon.

§ 8 Beslag av gjenstander

Austebygd ønskjer ei presisering av kva som er å rekne som alvorlege gjenstander og at reglementet gir rom for å vurdere om det er forsvarleg å levere ut ein beslaglagt gjenstand til eleven etter skuletid.

Alversund skule og Grasdal skule har innspel på at ein må presisere at det er den vaksne som har definisjonsmakt i høve til beslaglegging av gjenstander. Dei peikar på at gjenstandar som er ufarleg i gitte situasjonar kan vere ufarleg i andre. Det vert og lagt vekt på at det er eit inngripande tiltak.

Alversund skule ønskjer og presisering kring digitalt utstyr som telefon , smartklokke osv.

Rådmannen ser behovet for å presisere at skulane skal gjere ei vurdering av om det er forsvarleg å levere tilbake ein gjenstand som er beslaglagt av ein elev, eller om føresette må hente den. Det er difor lagt til ein endring av denne setninga i reglementet, der ny formulering blir som lydande slik: *Alle beslaglagde gjenstandar blir levert til eleven etter skuletid same dag, eller må bli henta av føresette.*

Frå Alversund og Grasdal skule vert det ønskja at det presiserast at den vaksne har definisjonsmakta i høve til å beslag legge gjenstandar. Det ligg i rolla som den ansvarlege vaksne på skulen at det er dei vaksne som definerer det som er farleg i gitte situasjonar. Dette gjeld og på andre område som farleg leik etc. Rådmannen gjer den vurderinga at dette ligg tydeleg inn i det mandatet til tilsette på skulen og på skulefritidsordninga. Det er derfor ikkje naudsynt å presisere dette inn i ordensreglane. Samtidig kan det vere gode utgangspunkt i arbeid i elevråd og i undervisninga for å skape forståing og kunnskap om dette.

I Alversund skule sitt innspel rundt digitale gjenstander ser Rådmannen klårt behovet for å regulere bruk av til dømes mobiltelefon og smartklokker i skulefritidsordninga og på leksehjelp, men vurderer på noverande tidspunkt at det må forankrast i dei lokale ordensreglane i skulen.

§ 11 Skulefritidsordninga og leksehjelpordninga sine lokale ordensreglar

Leiknes har sendt innspel om at det er for kort tidsfrist til å handsame dei lokale ordensreglane innan 1.9 i nytt skuleår. Dei kjem med framlegg om at frist for å sende kopi av forskrift av ordensreglement, med lokale ordensreglar til tenesteleiar, blir sett til 10.10.

Rådmannen sin vurdering

Det er lagt til grunn at prosess med rullering av reglane er ein del av arbeidet om våren, då har skulen/organa vore gjennom nesten eit heilt skuleår, og representantane har innehatt rolla i nesten eit skuleår. For at det ikkje skal vere tvil om dette, vil rådmannen endre fristen for å ha dei lokale reglane til høyring i rådsorgana til 01.06.

Vedlegg til kommunalt ordensreglement

Leiknes skule har innspel om lokale ordensreglar for SFO og leksehjelp, første avsnitt, står det at reglane må følgjast opp med tydelege konsekvensar. Det er fleire av reglane i ordensreglementet som, etter vårt syn ikkje bør ha så tydelege konsekvensar. Avvik frå ordensreglane må alltid følgjast opp, men konsekvensar i form av påtale eller kontakt med heimen, er ofte ikkje det som er mest hensiktsmessig ønskeleg. Det som ofte er nødvendig er å setje inntiltak for å få endra uønskt atferd eller få betre orden. På bakgrunn av dette, ønskjer vi ei omformulering her.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen følgjer skulen sine tankar i høve til fokus på konsekvensar. Reglementet skal hjelpe elevane i deltaking og utvikling, og skulemiljøet skal opplevast som trygt og godt av alle elevane. Skulane bør ha eit stort handlingsrom til å gjere vurderingar lokalt. Rådmannen vil difor endre teksten i samsvar med dette innspelet.

Andre innspel

Samarbeidsutvalet ved Kløvheim skule har innspel om leksehjelp og kven som er målgruppa for leksehjelp. Vidare ønskjer dei at det og skal vere for småtrinnet, sjølv om det er mest vanleg på mellomsteget. Dei ønskjer tydelegheit kring ressursar og at det skal vere med pedagog til stades.

Frå Kløvheim skule kjem det også innspel om skrive så enkelt og tydeleg som mogeleg i ordensreglane. Dei er oppteken av at elevar på småtrinnet skal kunne kjenne seg att i og forstå reglane.

Knarvik barneskule har sendt inn spørsmål om en treng eigne reglar for SFO og leksehjelpordninga.

Rådmannen si vurdering:

Leksehjelpordninga, som Kløvheim skule trekk fram i sitt innspel, vert regulert utifrå forskrift til opplæringslova §1A-1 og opplæringslova §13-7A. Kommunen pliktar å gje eit gratis leksehjelp til alle elvar i grunnskolen, med ei ramme på frå 1-10 trinn på 8. timar per veke. Leksehjelpordninga i Alver kommune skal rullerast hausten 2021. Saka vil då bli sendt på høyring slik at alle rådsorgana får komme med sine innspel.

SMU ved Kløvheim skule har innspel ved rørande språket i ordensreglane, dei er vanskeleg å forstå for elevar på småtrinnet. Ordensreglane er eit styrande dokument i høve til blant anna konsekvensar og sanksjonar. Det er derfor viktig det har eit presist innhald. Rådmannen har stor forståing for å det å tilpasse ordensreglane til elevar på småtrinnet, kan vere viktig for å få elevane til å kjenne seg igjen i reglane. Slik rådmannen vurderer innspelet vil arbeid med det lokale ordensreglane vere viktig for å oppnå forståing hos elevane. Det vil vere dei lokale ordensreglane elevane til vanleg forhalde seg til.

Skulefritidsordninga og leksehjelpordninga er ikkje ein del av skuletida, og vil av den grunn ikkje bli omfatta av forskrift til ordensreglement for grunnskulen i Alver. Skulefritidsordninga i Alver har eigne vedtekter, og det er rådmannen si vurdering at kommunen også bør etablere ordensreglement for SFO og leksehjelp.

Endringar i høve til reglement som vart sendt på høyring

Det har kome inn mange gode innspel til denne høyringa, og det er fint å registrere korleis elevstemma kjem tydeleg fram i innspela frå skulane. Det er tydeleg at det har vore gjennomført gode prosessar i elevråd, skulemiljøutval og samarbeidsutval.

På bakgrunn av innspela ser rådmannen behov for å gjere nokre endringar i reglementet i høve til framlegget

som vart sendt ut.

Endringane rådmannen har lagt til i dokumenter er som følgjer:

- II Reglar og konsekvensar – Leggje til to setningar om at Elevane skal få hjelp og støtte til ei sosial og emosjonell utvikling, samt Skulen skal ta omsyn til elevane sine føresetnader
 - § 5 Reglar for åtferd – slette setninga «spesielt for leksehjelpordninga »
 - §5 Reglar for åtferd – slette ordet «andre» i andre kulepunkt
 - §6 Konsekvensar ved brot på reglementet – endre punkta med bokstavar til rett rekkefølge.
 - §8 Beslag av gjenstandar – endre tekst til «Alle beslaglagde gjenstandar blir levert til eleven etter skuletid same dag, eller må bli henta av føresette.»
 - § 11 Skulen sine lokale ordensreglar – Endre frist for høyring frå 01.09 til 01.06.
-
- Vedlegg til kommunalt ordensreglement – Erstatte setning «Reglane må følgjast opp med tydelege konsekvensar» med «Moglege konsekvensar skal vere tydelege slik at det er avklart kva sanksjonar som kan nyttast ved regelbrot».

Aller endringane som er gjort i reglementet, er markert med gult i dokumentet. Den gule markeringa blir fjerna etter politisk vedtak og før reglementet blir kommunisert ut i organisasjonen.

Vedlegg i saken:

20.08.2021 Framlegg til ordensreglement for skulefritidsordninga og 1599699
leksehjelpordninga i Alver

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-223, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/21	Ungdomsråd	30.08.2021
032/21	Eldreråd	30.08.2021
032/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.08.2021
052/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021
	Alver kommunestyre	

Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner retningslinene for tilskotsordningar til kultur og idrett, slik dei ligg ved saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Gjeldande retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv vart vedtekne i Alver kommunestyre den 19.12.2019, sak 050/19, med tilleggspunkt *Kommunestyret ber administrasjonen om ny modell med tidlegare søknadsfrist for tildeling frå 2021.*

Dei tidlegare tre kommunane hadde søknadsfrist på våren. I fleire møte med kulturlivet i Møted/19, knytt til bygginga av den nye kommunen, kom det innspel om å endre søknadsfristen. Innspela var knytt til at søkjarane burde få avklaring og tildeling tidlegare på året enn før, der det tradisjonelt har vore tildeling på forsommaren kvart år.

Grunna pandemien i 2020/21 har arbeidet med ny modell måtte vente. Samstundes har ein gjennomført to tildelingar etter gjeldande retningsliner. Desse var utarbeidde både som nyordning og samstilling av dei tre tidlegare kommunane sine retningsliner og praksis, med blick til aukande kompleksitet og omfang i ein større kommune.

I sak 044/21, den 08.06.2021, sendte Utval for oppvekst, kunnskap og kultur utkast på reviderte retningsliner på høyring, med frist 10.08.2021. Det er komne inn fire høyringsinnspel til saka.

Hovudpunkt i revideringa:

Endringane i retningslinene følgjer opp vedtakspunktet om ny søknadsfrist, samt justeringar etter evaluering av dei to første tildelingsåra.

Søknadsfrist og tildelingstidspunkt

Hovudtildelinga har i dag frist 1. mars og tildeling i månadsskiftet mai/juni. Tilleggstildelinga til prosjekt har søknadsfrist 1. september med tildeling oktober/november.

Revideringa fremjar ny søknadsfrist for hovudtildeling 15. november med tildeling i månadsskiftet januar/februar. Tilleggstilldelinga til prosjekt er fremma med søknadsfrist 15. april med tildeling mai/juni.

Søklarar vil i tilfelle få handsama søknadane tidleg på året, og før årsmøta deira. Dette vil kunne skape større føreseielegheit, samstundes som ein ikkje vil ha behov for å ettersende vedlegg, sidan årsmøta er gjennomført ved neste søknadsfrist.

Årshjulet for søklar vil vere (1) svar søknad, (2) årsmøte, (3) søknad for neste år.

Tydeleggjering av driftstilskot og prosjekttilskot

Revideringa ryddar i oppstillinga og presiserer kva som gjeld for og av driftsordningar og prosjektordningar. Vidare presiserer ein kven som kan søkje til desse ordningane i høve praksis og behov, med blick til ordninga med fleirårlege tilskot som forvaltast i økonomiplanhandsaminga.

Fire ordningar er tatt ut i høyringsutkastet, og ein er justert

- a. Driftstilskot til scenekunst og -formidling. Føremålet med ordninga var å tydeleggjere denne delen av kulturfeltet i ei eiga ordning, men erfaringa viser at dette kan forvaltast under driftstilskot til andre.
- b. Tilskot til musikkonkurransar. Ordninga har hatt få søknadar, òg før pandemien, og kan verke skeivfordelane. Det vurderast at spissing av dei etablerte driftsordningane til musikkfeltet, samt tydeleggjeringa av prosjekttildelingane kan forvalte behovet.
- c. Kjøpt svar har hatt som føremål å kunne forvalte uforventa behov innan kultur- og idrettsfeltet, utan å måtte vise til halvårlege søknadsfristar. Søknadstilfanget viser at det i liten grad vert søkt etter slike behov, søknadane i stor grad vert avvist, og at omsøkte tiltak i hovudsak høyrar heime i dei halvårlege prosjekttildelingane.
- d. Ordninga knytt til nærmiljøanlegg og periodiske satsingar viser seg å vere krevjande å skilje ad frå prosjekttildelingane, med få søknadar, og behovet bør forvaltast i prosjekttildelingane.
- e. Friluftsfeltet er fremja ut av driftstilskotsordninga til idrett og lag tilslutta det frivillige skyttarvesen. Inkluderinga har hatt som føremål og tydeleggjere behova i friluftsfeltet, men søknadstilfanget viser at søkjarane bør forvaltast under driftstilskot til andre. Lag tilslutta det frivillige skyttarvesen vert i revideringa framleis forvalta under ordninga, med omsyn til det nære tilhøve mellom skyttaranlegga og idrettsleg aktivitet, og spelemiddelinnettinga.

Justering av stipendordningane

Revideringa justerer stipenda tydelegare i retning arbeids- og etablerarstipend, og konkretiserer forskjellen på kultur- og idrettsprosjekt og stipenda. Eit døme vil vere at kulturprosjekt her bidrar til å gjennomføre eit prosjekt (trykke bok), mens arbeidsstipendet bidrar til tida ein treng (skrive bok). Vidare tydeleggjer ein at lag og organisasjonar kan søkje på vegne av sine utøvarar.

Høyringsinnspel

Høyringsutkastet var på høyring frå 9. juni til 10. august 2021. Det er komne inn fire høyringsvar innan fristen.

Høyringspart	Hovudpunkt	Rådmannens vurdering
Alver idrettsråd	1. Ingen merknadar til endringane	1. Tatt til orientering, endringane er fremja som i høyringsutkastet
Eikanger-Bjørsvik Musikklag	2. Legg til grunn at rammene for tildelinga ikkje vert endra 3. Har ikkje kommentarar til endringa av søknadsfrista 4. Ønskjer tydeleggjering av driftstilskot og prosjekttilskot, og at prosjekt har ei tidsavgrensing, og ikkje kan vere av løpande art 5. Peiker på at Klart Svar-midlane bør delast ut til prosjekttildeling 6. Peiker på tilgjengeleg ramme må aukast.	2. Tatt til orientering, rammer for tildelingane handsamast i økonomiplanen 3. Tatt til orientering. Søknadsfrist er fremja som i høyringsutkastet 4. Presisert i endeleg framlegg 5. Tatt til orientering, tilskota fordelast ut frå rammer for dei ulike felta innan kultur og idrett. 6. Tatt til orientering, rammer for tildelingane handsamast i økonomiplanen
Meland kyrkjekontor	7. Stiller seg positive til endra søknadsfrist 8. Kommentarar til søknadsskjemaet – medlemstal og tal på arrangement	7. Tatt til orientering. Søknadsfrist er fremja som i høyringsutkastet 8. Tildelingane til idrett og musikk fordelast reelt etter medlemstal, dei andre tildelingane skjer etter fagmessig vurdering. Medlemstal og tal på arrangement er ønskjeleg for å få meir kunnskap om søkjarens aktivitetsnivå.
Museumssenteret i Hordaland	9. Føreseielege ordningar eit viktig steg for å sikre tilskot til viktige institusjonar saman med regionale og nasjonale nivå. 10. Støtter forslaget om endra søknadsfrist 11. Ønskjer å ta ei større rolle regionalt og nasjonalt i høve forvaltning og formidling, og har konkrete utviklingsprosjekt. Ønskjer Alver kommune med i dette.	9. Tatt til orientering, utkastet legg til rette for eit tydelegare årshjul. Kommunen har òg etablert ny ordning med fleirårlege tilskot 10. Tatt til orientering. Søknadsfrist er fremja som i høyringsutkastet 11. Tatt til orientering. Alver kommune og MUHO er formelle samarbeidspartar gjennom samarbeidsavtale og konsolideringa

Vedlegg i saken:

19.08.2021

Alver idrettsråd - Høyringsuttale retningslinjer for tilskot
2021

1599396

19.08.2021	Høringsuttale frå Meland kyrkjekontor til revidering av retningslinjer for kulturstønad	1599397
19.08.2021	Høringsinnspel Alver tilskotsordningar 10.08.21	1599398
19.08.2021	Høringsinnspel revidering av retningsliner-21/4919	1599399
23.08.2021	Tilskotsordningar kultur og idrett - retningsliner	1599898

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Alver kommunestyre	
034/21	Ungdomsråd	30.08.2021
053/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021

Årsmelding Alver ungdomsråd 2020-2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga frå Alver ungdomsråd er teke til orientering

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Jfr. Politisk reglement. Ungdomsrådet skal kvart år leggja fram årsmelding til kommunestyret.

Alver ungdomsråd utarbeidar ferdig årsmelding for 2020-2021 i møte 30.8.2021, årsmeldinga vert lagt fram munnleg i utval for oppvekst, kunnskap og kultur òg i kommunestyret.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.08.2021

Meldingar og orienteringar til OKK - 31.08.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Kommunedelplan for Oppvekst – status i planarbeidet - v/Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse
2. Status drifts- og tilsynsavtalar kommunale idrettsanlegg v/Eirik Utne-kultursjef
3. Kommunedelplan for Kultur, idrett og frivilligheit - løypemelding i planarbeidet - v/Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan og analyse